

Hundekøyring

Anne budde saman med foreldra sine på ein liten stad langt mot nord. Dei hadde 30 hundar som låg ute i husa sine heile året. Hundane hadde tjukk pels og fraus ikkje sjølv om det var kaldt. Då kraup dei saman og la halen over snuten.

Anne likte godt å køyre tur med hundane. Den største sleden var det berre mor og far som køyrde. Anne hadde ein mindre slede. Den blei trekt av tre hundar som var festa i eit langt tau. Anne sto bak på sleden. Det gjekk i full fart. Særleg til å begynne med når hundane var ivrige etter å komme av garde. Etter ei stund roa dei seg ned, og så løp dei glade og fornøgde av stad med dei buskete halane svingande ivêret. Slik kunne dei halde på heile dagen utan å bli slitne.

Av og til kunne dei bli sinte og bite kvarandre. Anne hadde lært av far at ho skulle springe fram, dra den sintaste hunden i halen og snakke strengt til den. Til å begynne med var ho rødd, men no gjekk det fint. Hundane hadde lært at det var Anne som var sjefen.

Ein gong i året fekk dei kvalpar. Mor var spesielt flink til å plukke ut den beste kvalpen i kullet som dei beheldt sjølv og som skulle bli leiarhund når den vart stor. Dei fleste andre blei selde til folk som dreiv med hundekøyring. Anne fekk også velje seg ut ein som ho likte godt og som skulle trekke sleden hennar når den blei større.

Når dei var eitt år gamle, fekk hundane lov til å dra ein lett slede. Seinare fekk dei gå saman med dei andre vaksne hundane og dra den tyngste sleden.

Når Anne blir gammal nok, skal ho vere med i løp. Kanskje ho ein gong kan delta i Finnmarksløpet som er 100 mil langt.